



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy,

Tildelingsbrev - Supplerande tildeling til regional ordning for kompetanseheving i barnehagane 2019

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 71 558** til Norhordland region v/Lindås kommune organisasjonsnummer 935 084 733 kontonummer 3201 05 89311, merka «Supplerande tildeling - Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage».

Grunnlaget og føringar for den supplerande tildelinga

Utdanningsdirektoratet har gitt Fylkesmannen i Vestland ein supplerande tildeling på kr 987 000,- til arbeidet med regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage. Dette er midlar som er stilt til disposisjon i løpet av året, mellom anna i høve med Revidert nasjonalbudsjett for 2019, og som difor ikkje var inkludert da vi fordelte midlar tidlegare i vår. Vi sendte ut eit brev til medlemmene av samarbeidsforum 8. august 2019 med eit forslag om å fordele dei supplerande midlane til kompetanseregionane ut frå dei same vilkåra for bruk, og med same fordelingsnøkkel som samarbeidsforum har vedteke for den ordinære tildelinga. Midlane i den supplerande tildelinga blir då fordelt ut frå regionanes tal på årsverk totalt. Samarbeidsforum har ikkje hatt innvendingar til vårt forslag, og vi fordelar derfor ut dei supplerande midlane i tråd med vårt forslag. Vi vil understreke at den supplerande tildelinga ikkje endrar vilkåra for ordninga eller tiltaka som midlane skal nyttast til.

Midlane til regionen skal nyttast til eit eller fleire av desse føremåla:

- Barnehagefagleg grunnkompetanse
- Kompetanseheving for fagarbeidarar og assistentar
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Midlar som legg til rette for lokale prioriteringar
- Fagseminar og nettverksarbeid knytt til den regionale ordninga

Det er ein føresetnad at private og kommunale barnehagar skal delta likt i planlegginga og bruken av desse midlane.



Rapportering

Vi har tidlegare sendt ut rapporteringsskjema som kan nyttast for dei tildelte midlane i 2019. Rapporteringsfrist er 10. januar 2020. I rapporteringa skal regionen sin bruk av midlane i ordinær og supplerande tildeling gå fram.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av det kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar

Atle Baaserud
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent